



Mottaker
Tom Rickard Andersson
Jonstøllie 6
3580 GEILO
Norge

Deres ref. Vår ref. Dato Delegert sak
20/00184-3 11.03.2020 Utvalg for plan og utvikling

48/28 - Dispensasjon frå LNFR føremål i arealdelen av kommuneplanen. Igangsettinsløyve for oppføring av tilbygg til bustadhus. Kvisla

Byggeplass: Kvisla 107

Tiltakshaver og søker: Tom Rickard Andersson **Adresse:** Jønstøllien 6/3580 GEILO

Tiltakstype: 111 Einebustad **Tiltaksart:** Endring av bygg bolig - utvendig tilbygg mindre enn 50 m²

Søknad motteke: 20.2.2020		Andre opplysninger:	
Grad av utnytting	Matrikkelareal	Bruksareal (BRA)	Bygd areal (BYA)
	130 m ²	130 m ²	87 m ² Utvendig parkering 36 m ²

VEDTAK:

- Med heimel i plan- og bygningslovas § 19-2 blir det gjeve dispensasjon frå pkt. 3.1 i føresegn til arealdelen av kommuneplanen, for tilbygg til bustad på eigedomen 48/28 i LNFR-område i arealdelen av kommuneplanen. Grunngevinga er at tiltaket skjer på bygd bustadeigedom, og fører ikkje til at omsynet bak planføresegn blir vesentleg satt til side. Fordelane med dispensasjon er klart større enn ulempene ved at det er positivt for samfunnsinteressene at eksisterande bustadhus i bygdene blir tatt i bruk til slikt føremål.
- Med heimel i plan- og bygningsloven §§ 20-4 og 21-4 blir igangsettingssøknaden godkjent på fylgjande vilkår:

- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at tiltaket har ei utføring i samsvar med plan- og bygningslova og forskrifter i medhald av denne lova.
- Dersom det under anleggsarbeidet eller anna verksemd dukkar opp automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stogkast og kulturavdelinga i fylkeskommunen varslast. Jf. kulturminneloven § 8.2.
- Løyvet fell bort om arbeidet ikke er satt i gang innen 3 år. Det samme gjeld om arbeidet stansar i lenger tid enn 2 år. Jf. plan- og bygningslovas (pbl.) § 21-9.
- Bygningsavfall skal leverast til godkjent mottak.
- Før tiltaket blir tatt i bruk må det sendast inn søknad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve. Jf. pbl. §21-10.

Saksopplysingar:

Saka gjeld lovleggjering av ulovleg oppført tilbygg på bustadhuset som søkar har kjøpt. Tilbygget skal vera oppført i 2004, og har eit bruksareal på om lag 24 m². I tillegg er det ynskje om oppføring av terrasse på austfasaden med ein storleik på om lag 12 m². Statens vegvesen har gjeve dispensasjon frå byggegrensa mot Rv 7 for tiltaka, og det er ikkje merknader til søknaden frå varsla naboar.

Vurdering:

Ein søknad om dispensasjon handsamast etter reglane i plan- og bygningslovas § 19-2. Det er her m.a. krav om at for å kunne gje dispensasjon må denne ikkje vesentleg setja til side føremålet til planføresegnene eller arealbruken vist i plan, og fordelane med å gje dispensasjon skal vera klart større enn ulempene.

Tiltaket skjer på bygd bustadeigedom, og omsynet bak planføresegn blir dermed ikkje vesentleg satt til side. Det er positivt for samfunnsinteressene at eksisterande bustadhus i bygdene blir tatt i bruk til slikt føremål.

Med helsing

Trond B. Augunset
leiar plan og utvikling

Borgar Underdal
byggesaksbehandlar

Godkjent og ekspedert uten underskrift

Høve til å klage

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Oslo og Viken. Klage skal stilast til Fylkesmannen, men skal sendast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen vedtaket kom fram. De må opplyse datoen for mottak av vedtaket, kva for vedtak de klager på, endringar de ynskjer, og dei grunnar klagen støttar seg på. Klagen må vera underskriven.

Sjølv om det er høve til å klaga, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. De kan søkja om å få utsatt iverksetjing til klagefristen er ute, eller til klagen er handsama. Vedtak om utsatt iverksetting kan ikkje påklagast.